

## Å R S M E L D I N G 2 0 1 0

Årsmøtet vart halde 16. februar i Helgatun, med 14 frammøtte medlemmer.

Styret:

Leiar: Ragnhild Sæle\*  
Nestleiar: Egil Juklestad  
Sekretær: Eilert Årseth\*  
Kasserar: Merete Helgheim\*  
Styremedlem: Jonny Lofnes

Vara: 1. Inge Erikstad\*  
2. Arve Kjell Sunde\*  
3. Jacob Andre Sandal\*

Grendakontakter:

Stardalen  
Klakegg/Førs  
Viken/Kjøsnesfjorden  
Sunde/Dvergsdal/Myklebust  
Årdal/Huus/Helgheim  
Ålhus/Svidal  
Gjesdal/Sandal  
Eikås/Kvammen/Vassenden

Jon Sandal\*  
Anders A. Førde\*  
Johannes Kjøsnes\*  
Magnar Sunde\*  
Inge Erikstad\*  
Bjørn Olav Nedrebø\*  
Egil Juklestad\*  
Ove Hjellbrekke\*

Revisorar: Rune Årdal\*  
Magnar Juklestad\*

\* På val.

Valnemnd: Marit Flatjord – leiar  
Kjell Årseth  
Morten Årset



# Jølster Sau og Geit



Det har i meldingsåret vore halde 4 styremøter og handsama 19 bokførde saker.

Saker ein har jobba med:

- Innspel til ny landbruksmelding. Ei arbeidsgruppe bestående av Merete Helgheim, Ole B. Årdal, Johannes Nedrebø og Marit Flatjord laga eit innspel til ny landbruksmelding. Denne vart handsama i styret og sendt vidare til fylkeslaget.
- Henteplassar for ull. Henteplassen ved Coop vart flytta til Magnar Sunde, ellers er henteplassane som før. Ullhenting vart annonsert i Firda, og på e-post til dei ein har adressa til. Har nytta lokale lessemenn.
- Avtale om jaktrett. For at jeger eller jaktlag lovleg skal kunne utøve jakt, felling og fangst må ein ha løyve frå grunneigar. Dette gjeld for jakt etter raudrev (ordinær jakt) og jakt etter gaupe (kvotejakt). Grendakontaktene har fått i oppdrag å innhente skriftleg løyve frå grunneigarane.



- Kåringa av vêrlam vart arrangert ved Eikaasgalleriet på Ålhus 25.09.10, i eit fantastisk vær. Styret tok på seg arbeidet med å lage mat til dommarane, og mat for salg. Dette for å redusere kostnadane. I tillegg var det tipping av vekt på ein vaksen vêr. Dette var gratis, med premier frå Felleskjøpet. Det vart stilt 89 lam til kåring.

Vêr med flest poeng, alle rasar: Magnar Sunde, kåringsnr. 201057658, 172 poeng.

# Jølster Sau og Geit



- Verving av nye medlemmer. Pr. 31.12.10 har vi 71 medlemmer – mot 65 pr. 31.12.09. Fortsatt er der ein del småfehaldarar som ikkje er medlem, så målet må vere å få med nokre fleire.
- Møte med geitehaldarane i Jølster. Det har vore ei utfordring, at ein ikkje har hatt geitehaldar i styret, men leiar har etter beste evne prøvd å ivareta geitehaldarane. Som følgje av dette inviterte Jølster kommune v/Oddmund Klakegg og Jølster Sau og Geit v/Ragnhild Sæle til møte, 24.11.10, om "Framtida for geitehaldet i Jølster". Det var 100% oppmøte, og tilbakemeldinga frå geitehaldarane har vore positive. Geitehaldarane står ovanfor ei rekkje utfordringar: "Ny strategiplan", "Nye reglar for kvalitetsbehandling" og "Sannering".



- Markering av Jølster Sau og Geit sitt 60- års jubileum. Markeringa var på Skei Hotel 18.12.10. Tollef Årdal hadde laga eit flott samandrag av historia til laget, som han framførte. Jan Arne Flugekvam m/fleire stod for det musikalske innslaget, og det var utdeling av blomster til tidlegare leiarar (6 stk.). 41 personar deltok på markeringa. Etter "programmet" var det julebord.

# Jølster Sau og Geit



Kurs, møter m.m.

- Informasjonsmøte vedrørende spor, sportegn, kadaverdokumentasjon m.m
- Kurset dyrevelferd hos sau.
- Fjelldag - Tur frå Årdal i Jølster til Myklandstøylen. Turleiar Ole. B. Årdal. Arrangert i lag med Breim Sau og Geit og SFSG.



Deltaking på arrangement/representasjon:

Årsmøte SFSG på Skei 26.-27.02.10 - Ragnhild Sæle og Jonny Lofnes

Møte med programnemnda i Senterpartier 03.03.10 – Merete Helgheim

Fagseminar om alveld på Stad 27.06.10 - Ragnhild Sæle

”Fjelldag” 14.08.10 – Jonny Lofnes, Inge Erikstad og Ragnhild Sæle

Leiarsamling på Gol 22.-24.10.10 - Ragnhild Sæle

Samling for nye småfehaldarar på Skei 30.-31.10.10 – Ragnhild Sæle

”Geitehelg” i Øystese 27.-28.11.10 – Ragnhild Sæle

Gloppen Agro Business Park – Ragnhild Sæle har delteke på informasjonsmøte, og har i etterkant vore med i arbeidsgruppa.

Felling av rev:

Det er felt 21 stk. rev i 2010. Det vart ikkje teke nokon ved hijakt. Atle Lunde i sone 3 har felt flest rev: 6 stk.

STYRET